

Referat frå møte 4 i SU/SMU

Stad:	Ågotnes sk.	Dato:	10.04.2024	Møtenr.:	4/2023-2024
Referent:	Magne Abelsen				
Tilstades:	Ane M. Rong (FAU-leiar), Hege Algrøy (FAU), Stian Telle (politisk repr.) Thea Bringedal (elevråd), Aina C. Kolstad (lærarrepr.), Laila Nordvik (lærarrepr), Borghild M. Fjell (avd.leiar) og Magne Abelsen (rektor)				
Ikkje møtt:	Haben Angesom (elvråd), Emma Celin Knarvik (elevråd), Mette Bongom (andre tilsetterepr.),				

Tema:	Kva:	Oppfølging:
Saker frå skulen:	- Uteområdet Byggforvaltar i kommunen skriv i e-post 08.04.24 at konkurransedokumenta er skriven og at firmaet HRP skal køyre anbudskonkurransen. Kommunen har fleire konkurransar i kø hos HRP for gjennomføring, så dei veit ikkje når dei startar på denne jobben. - Leirskule veke 8 Gode tilbakemeldingar og skulen har reservert veke 8 på Hallingdal Leirskole komande vinter for neste års 6.trinn. - UngData Landsdekkande undersøking der elevane får gje tilbakemelding om oppvekstvilkår. Føresette har fått orientering i Transponder. - Miljøretta Helsevern Skulen skal ha ny gjennomgang med skulelegen fredag 12. april 2024. - Økonomi Kommunen har tildelt ressursar. Ågotnes skule får eit årsverk mindre neste skuleår. Årsverket er fordelt med eit halvt årsverk lærarar og eit halvt årsverk fagarbeidar/assistent. - Kantinebruk Det er kome ønskje om å starte opp Strikkekafé i lokalmiljøet og nytte kantina som samlingslokale. Skulen og FAU støtter initiativet og synest det er flott at bygget blir nytta av lokale vaksne på ettermiddagstid. Vi drøfta litt det prinsipielle om at kantina først og fremst er tenkt å vere lånt ut gratis til føresette med eleva på skulen, for å kunne ha sosiale kveldar med klassen eller bursdagsbesøk og liknande. Vi tenkjer at vi	

	kan vise til rolla “Skulen som samfunnsbygger” og svarar at SU støttar initiativet og opnar for ei prøveordning ut skuleåret, og så oppmodar dei om å søkje til Ivar Einarsen i Aktiv i vest for neste skuleår.	
Saker frå SFO:	SFO har 102 elevar totalt Neste år vil elevane frå både 1., 2. og 3.trinn få 12 gratis timar på SFO. Det har vore litt fleire elevar (prosentvis) som har nytta SFO på 1. og 2.trinn dei åra dei har hatt 12 gratis timar. Kanskje det vil auke litt for 3.klasse, men det veit vi ikkje før til hausten.	
Saker frå elevrådet:	- Vere saman i friminutt; evaluering Elevrådet har hatt evaluering i dag, 10.04.24. Dei ønskjer å halde fram med ordninga der alle elevane kan vere på heile uteområdet i 10-friminuttet om fredagen. - Teiknekonkurranse Elevrådet har i gang ein teiknekonkurranse. Dei tenkjer å stille ut dei 15 beste teikningane og premiere dei tre beste. FAU kan stille med premie. - Fadderordninga Skulen ønskjer å flytte fadderordninga til mellomtrinnet, og elevrådet støtter det. Elevrådet hadde ikkje sterke meiningar om det skulle vere 5. eller 6. trinn som blei fadrar. FAU hadde ikkje innvendingar, anna enn at dei kjente til elevar på neste års 4.trinn som vil bli skuffa. Elevane på 4.trinn kan gjerne ha eit ekstra ansvar i friminutta, som eldst på småtrinnet.	
Saker frå FAU:	- Video av konflikt Det har blitt delt ein video på Snap med ungdomar frå lokalmiljøet. FAU orienterer om at saka er opp og avgjort, og minner om at det er ulovleg å ha og dele slike videoar. - Toalett på småtrinnet Alle dørene på jentetoiletet kan låsast. Låsane er testa. - Fellesmøte i Bergen KFU (kommunalt foreldreutval) i Bergen har hatt eit stort fellesmøte med skular, idrettslag m.m. Ane ser det er fleire ting som blir gjort rundt om kring som vi kanskje kan få til i Øygarden kommune. - Kveldsskolen for 6.trinn Det har kome gode tilbakemeldingar frå foreldre. Aller best tilbakemeldingar fekk gruppene der elevar og foreldre skulle	

	sitje i lag og drøfte ulike tema. Kunne gjerne vore meir fokus på konsekvensar av mobbing. Kan vere aktuelt å få til eit fast tilbod med Barnevakten om Kveldsskole.	
--	--	--